



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Psykososialt miljø

Psychosocial environment

Kandidatnummer: 2

Janne Helen Torvund Beinnes

Innleveringsdato: 05.01.19

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*

Innholdsliste

1.0 Innleiing.....	s. 3
1.1 Bakgrunn for val av tema.....	s. 3
1.2 Presentasjon av problemstilling med avgrensing.....	s. 3
2.0 Teoretisk tilnærming.....	s. 4
2.1 Dei vaksne si rolle.....	s. 4
2.2 Viktige faktorar som kan bygge eit god psykososialt miljø.....	s. 5
2.3 Dei vaksne si tilnærming til barna.....	s. 6
2.4 Eit godt psykososialt miljø.....	s. 7
2.5 Emosjonar.....	s. 8
2.6 Sosialt samspel.....	s. 8
3.0 Metode.....	s. 9
3.1 Val av metode.....	s. 9
3.2 Gjennomføring av intervju.....	s. 9
3.3 Metodekritikk.....	s. 10
4.0 Resultat av empiri.....	s. 10
4.1 Kva legg du i uttrykke eit godt psykososialt.....	s. 10
4.2 Kva merksemd har barnehagen når det kjem til å bygge eit godt psykososialt miljø.....	s. 11
4.3 Korleis får personalgruppa tilstrekkeleg kompetanse for å kunne bygge eit godt psykososialt miljø.....	s. 11
4.4 Kva gjere du som pedagogen for å utvikle personalet sin kompetanse innanfor psykososialt miljø?.....	s. 12
4.5 Kva tenkjer du som pedagog er det viktigaste å jobbe med for å bygge eit godt psykososialt miljø for barn?.....	s. 12

4.6 Korleis jobbar de med å bygge eit godt psykososialt miljø blant barn på di avdeling.....	s. 13
4.7 Kva legg dykk vekt på når de skal bygge eit godt psykososialt miljø.....	s. 13
5.0 Drøfting.....	s.14
5.1 Felles forståing av uttrykket eit godt psykososialt miljø.....	s. 14
5.2 Barnehage.....	s. 14
5.3 Pedagogen.....	s. 16
5.4 Vaksne – Barnehagelærarar, fagarbeidarar, assistentar.....	s. 17
6.0 Avslutning.....	s. 18
6.1 Konklusjon.....	s. 19
Litteraturliste.....	s. 20
Vedlegg 1.....	s. 22
Vedlegg 2.....	s. 23

1.0 Innleiing

Tema for oppgåva korleis bygge eit godt psykososialt miljø blant barn i barnehage

1.1 Bakgrunn for val av tema

I denne oppgåva ønskjer eg å få ei auka forståing og tileigne meg kunnskap om korleis ein som vaksen i barnehagen kan bygge eit godt psykososialt miljø blant barna. Gjennom jobb og barnehagelærarstudiet har eg sett på betydinga av den vaksne si rolle. Ein god vaksen støttespelar, viser ein positiv innverknad på barna. Det gjer dei gode føresetnadar for vekst og utvikling av sosiale ferdigheiter og kompetanse. Sett i eit fagleg perspektiv og på bakgrunn av dette ønskjer eg å sjå på faktorar som vil vere viktige fundament i arbeidet for å bygge eit godt psykososialt miljø blant barna i barnehagen.

Det vil vere viktig å tidleg skape gode oppvekstvilkår og gode rammer kring kvart enkelt barn for å hjelpe dei til ein god vekst og utvikling. Ein ser på dette som ei av dei viktigaste oppgåve i samfunnet (Sosial- og Helsedirektoratet, 2007, s. 3). Ved å jobbe i barnehage i mange år og gjennom praksisperiodane i løpet av barnehagelærarstudiet har eg reflektert og undra meg over at det kan verke som mykje av arbeidet i kvardagen blir utført automatisk. Det er ofte innlærte rutinar, og handlingar. Med dette meiner eg at det er for lite fokus på refleksjon og evaluering av arbeidet ein utøver både individuelt og saman i personalgruppa. Eg syns det er lite ny kunnskap som vert nytta, som viser viktigheita og dei positive sidene ved å jobbe for eit godt psykososialt miljø. Ikkje berre når barna er små, men at dette også er noko som dannar grunnlaget for vegen deira vidare. Eg ønskjer at dei vaksne som personale i barnehagen skal få ei større bevisstgjering av arbeidet ein utøver i kvardagen. Eg ønskjer å sjå på kva dette har å seie for kvart enkelt barn som individ, men også som ei gruppe og som del av eit fellesskap.

Dersom ein også ser dette i lys av eit samfunnsperspektiv vil ein kunne sjå viktigheita av det å vere ein del av eit sosialt nettverk som er prega av minst ein person som har hatt ei positiv betyding for barnet over tid, samt tilhøyrse i ei gruppe som står for verdiane innanfor samfunnet sine normer, samt samfunnsstrukturar som støtter individet sine meistringsstrategiar og inkludering i skule/arbeidsliv. Alle desse er faktorar og mekanismar som beskyttar barn og unge mot å utvikle psykiske vanskar også seinare i livet (Sosial- og Helsedirektoratet, 2007, s. 19)

1.2 Presentasjon av problemstilling med avgrensing

”Kva kan dei vaksne i barnehagen gjere for å bygge eit godt psykososialt miljø blant barn?”

På grunn av omfanget på oppgåva og tida som er disponert har eg tatt for meg nokre punkt som eg meiner er viktige for å kunne svare på problemstillinga mi. Eg ønskjer å sjå nærmare på rolla som dei vaksne har i

barnehagen, relasjonskompetanse, utvikling av emosjonar, sosialt samspel og kva påverknad dette har for å bygge eit godt psykososialt miljø blant barn.

Psykososial kan definerast som korleis psykiske og sosiale forhold påverkar helse og mental funksjon. Korleis ein har det saman med andre, den mellommenneskelege forholda som inngår i barn sine oppvekstvilkår, forhold i heimen, skule/barnehage, arbeidsplass, fritidsmiljø. Ein kan også sjå på korleis den enkelte handtera dei sosiale forholda kognitivt og emosjonelt. Eit psykososialt miljø kan definerast som samspel mellom sosiale og individuelle faktorar, fordi det vil vere påverka av både indre og ytre faktorar (Svartdal, 2018).

Oppløving av tryggleik, meistring, nærleik og livsglede vil vere grunnleggande for eit godt psykososialtmiljø (Kunnskapsdepartementet, 2015, s. 10).

Eg har ikkje valt å ta for meg noko spesiell aldersgruppe. Det vil vere viktig å heile tida jobbe for å ivareta og praktisere barnehagen sitt verdigrunnlag. Barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling (Kunnskapsdepartementet, 2017 s. 7). Eg meiner derfor at arbeidet for å bygge eit godt psykososialt miljø i barnehagen er noko som angår heile barnegruppa til ei kvar tid. Dette må igjen sjåast i lys av barna si utvikling, og ein må tilpasse seg etter den.

2.0 Teoretisk tilnærming

2.1 Dei vaksne si rolle

Saman med foreldre/føresette vil dei vaksne i barnehagen vere viktige rollemodellar for barna. Dei vil ha ansvar for å ivareta barnehagen sitt verdigrunnlag, som fellesskap, omsorg, medansvar, solidaritet, toleranse, respekt, likeverd og retten til å vere forskjellig (Utdanningsdirektoratet, 2018). Dei vaksne i barnehagen må vere trygge, synlege og tydelege. Dette sikrar barna forutsigbarhet, stabilitet, beskyttelse og tryggleik i relasjon til andre. Når barnet kjenner seg trygg og ivaretatt er dette det beste utgangspunktet for læring og meistring. Den vaksne viser respekt for barnet og hjelper kvar enkelt å ivareta seg sjølv, samstundes som dei jobbar for at kvar enkelt skal ha ei positiv oppløving av tilhøyrse i fellesskapet (Utdanningsdirektoratet, 2018).

Barna har behov for å bli sett, høyrte og bekrefta. Derfor er det viktig at dei vaksne er tilstades. Korleis dei vaksne er i møte med barna er avgjerande for korleis barna opplever seg sjølv. Dette gir dei eit større handlingsrom og moglegheit for å meistre fleire ulike sider. Dei vaksne si bevisstgjerings av eigen veremåte, korleis dei ordlegg seg, korleis opptre saman med andre, og korleis enn behandlar andre vil vere viktig for å vere gode rollemodellar for barna. Barna ser, observera og lyttar til dei vaksne. Dei vil på den måten lære seg å vise empati. Barna vil utvikle seg både individuelt og som del av eit fellesskap ved å lære gode

haldningar og verdiar. Dette vil også vere viktig for barna å ha med seg vidare i livet (Utdanningsdirektoratet, 2018).

2.2 Viktige faktorar som kan bygge eit godt psykososialt miljø

Det er barnehageeigar og styrar som har det overordna ansvaret for å sette arbeidet for eit godt psykososialt miljø på dagsorden. Styrar skal sørge for at det pedagogiske arbeidet er i tråd med rammeplanen og barnehagelova. Styrar skal leie og følgje opp arbeidet med planlegging, dokumentere, vurdere og utvikle innhaldet i barnehagen. Ein skal sjå på arbeidsmåtar og sikre at heile personalgruppa er involvert, og for at dei får brukt kompetansen sin. Samstundes har også pedagogen eit ansvar, der dei skal sette i gang og leie eit pedagogisk arbeid. Pedagogane har også ansvar for å rettleie medarbeidarar sine og sørge for at rammeplanen og barnehagelova blir følgt gjennom det pedagogiske arbeidet (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 15-16).

Dei vaksne må kunne reflektere over observasjonar som blir gjort og diskutere dette med dei andre i personalgruppa. Dette vil vere med på å sette lys på opplevingar og refleksjonar over eigne verdiar, haldningar og handlingar. Når dei vaksne jobbar saman mot felles prinsipp, kan dette vere med på å gi barna ein kvardag som er forutsigbar og oversiktleg gjennom tryggleiken dei vaksne utstrålar. Ei kontinuerlig og systematisk arbeid må til for å oppretthalde god kvalitet i barnehagen. Det kan då vere naudsynt å synleggjere arbeidet i planar, rutinar og reglar undervegs. Ei slik synleggjering vil ein lettare kunne evaluere arbeidet, og deretter gjere endringar om det skulle vere naudsynt (Utdanningsdirektoratet, 2018).

Når dei vaksne er trygge på kvarandre og har eit inkluderande arbeidsmiljø vil dette vere med på å påverke miljøet også hos barna på ein positiv måte. Dette vil vere med å skape trivsel, tryggleik og tillit. God trivsel blant dei vaksne i barnehagen vil vere med på å utstråle varme i miljøet, noko som også barna vil ha positiv verknad av i barnehagekvardagen (Utdanningsdirektoratet, 2018). Godt samarbeid mellom dei vaksne der ein har eit felles ansvar for miljøet i barnehagen er svært viktig. Ein må snakke saman om kva verdiar ein skal jobbe ut i frå, og finne haldningar som er felles og som gjev grunnlag for korleis ein skal handle (Utdanningsdirektoratet, 2018).

Lunde (2018, s. 114) skriv noko om positivt og negativt miljø i barnehagane. Det positive miljøet i barnehagen gir barna ei tilhøyrsløse og emosjonell tryggleik, noko som gir barna ei god utvikling. Eit barnehagemiljø som bere preg av mykje kjefting, uro og avvising vil vere den negative sida og er svært uheldig når det kjem til barnet si oppleving og emosjonelle støtte. I dette tilfelle er det svært viktig at det positive miljøet er stort, slik at det kan bidra til ei emosjonell støtte for barna i eit godt samspelsmiljø. Det positive miljøet må bere preg av positive følelsar som glede, smil, latter og begeistring. Noko som vil vere med å gi barna ei oppleving av velvære.

2.3 Dei vaksne si tilnærming til barna

Når dei vaksne er bevisste på eigen væremåte og jobbar for eit fellesskap med like verdiar og haldningar vil det vere enklare å få gode rutinar og rammer kring barna. Positive og gode erfaringar gjennom trygge relasjonar styrker barna sitt sjølvbilde, aukar trivsel og gir grunnlag for ei positiv utvikling av fleire ulike sider hos barna (Utdanningsdirektoratet, 2018). I rammeplanen er eit av formåla at barnehagen skal ivareta barna sitt behov for omsorg. Ein skal sikre at barna blir høyrte og sett, kjenner tryggleik, tilhøyrse og trivsel, legge til rette for å bygge relasjonar, vere imøtekomen, oppmuntre til å vise omsorg og ta imot omsorg, og det å utvikle tillit til både seg sjølv og andre (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19). Arbeid med relasjonar mellom barn og vaksne vil derfor vere sentralt for å kunne utvikle og sikre eit godt psykososialt miljø (Utdanningsdirektoratet, 2018).

Å bygge gode relasjonar krev at dei vaksne har relasjonskompetanse. Relasjonskompetanse er ferdigheiter, evne, kunnskap og haldningar som blir skapt, reparert eller vedlikehald mellom menneskjer. Denne kompetansen vil avgjere korleis vi er, og korleis vi evnar å møte andre. Mykje kan lærast, andre faktorar kan vi bli meir bevisste og øve på. Eit fokus i relasjonsbygging vil blant anna styrke at kvart enkelt barn blir sett, anerkjent, høyrte og forstått. Det vil kunne bidra til at barna opplever likeverd, trivsel og psykisk styrke. Det vil bidra til ei god utvikling, lærings- og arbeidsmiljø, og foreldre kan kjenne på ivaretaking og godt samarbeid for barna sitt beste (Lysebo & Bratt, 2017, s. 5). Ei god relasjonsbygging vil også vere med å sikre at ein når dei ulike formåla i rammeplanen, det at barnehagen skal ivareta barna sitt behov for omsorg, ivareta barna sitt behov for leik, fremje danning, læring, vennskap og fellesskap og fremje kommunikasjon og språk (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19-23).

Ved at den vaksne gjere seg kjent med barnet og viser interesse for interessene deira, vil dette kunne vere med å skape tryggleik, nærleik og tillit. Dette er viktig for å kunne bygge gode relasjonar. Det er også viktig at ein gjere seg kjend med barnet sin familie. Det kan vere nyttig å vite noko om dette før barnet startar i barnehagen eller eventuelt ved overgangar i barnehagen som til dømes frå liten til stor avdeling. Det kan vere gunstig å ha ein startsamtale med foreldra, der ein kan få litt informasjon om interessene til barnet (Webster-Stratton, 2018, s. 59).

Det vil også vere nyttig om dei vaksne i barnehagen har kjennskap til kva verdiar, kultur og språk som blir nytta i heimen, samt om der er skilsmisse, sjukdom eller dødsfall i familien som kan påverke barnet. Dette kan vere med å gi den vaksne ei betre forståing for barnet sitt perspektiv og temperament, og ein kan då lettare tilpasse aktivitetar som barnet er med på. Gode relasjonar mellom barn og vaksne kan bli til, når ein som vaksen er lyttande og interessert i barna sine innspel og ser barna sine perspektiv (Webster-Stratton, 2018, s. 59).

Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og kjensle av eigenverdi. Ein skal førebygge krenking og mobbing. Barnehagen skal vere ein trygg stad å vere som gir den enkelte utfordringar både individuelt men også i samspel i fellesskapet. Opplevinga av å bli høyrst og sett vil bidra til gode relasjonar som bygger på tryggleik og nærleik. Dette vil også vere avhengig av ei god tilknytning. Dei vaksne i barnehagen har ei viktig rolle i høve dette. At kvart enkelt barn opplever tryggleik og nærleik vil vere viktige faktorar for å kunne vere open, skape ny læring og utvikling av fleire ulike sider (Lysebo & Bratt, 2017, s. 9). Tryggleik vil kunne bidra til å styrkje barnet i sjølvstende og utvikling av sosial kompetanse (Lillemyr & Søbstad, 2013, s. 241). Dei vaksne i barnehagen vil saman med foreldra ta del i omsorga og opplæringa som blir gitt barna (Broborg, Hagström & Broborg, 2016, s. 24). Barnehagen er ofte det første miljøet barna møter utanfor heimen. Derfor er det viktig at barnehagen jobbar for å sikre trivsel og gode psykososiale forhold i den nye kvardagen til barna utanfor heimen (Kunnskapsdepartementet 2015, s. 10).

Tillit er også ein viktig faktor i relasjonsbygging. Den vaksne må vise barnet at dei er der for dei og at dei ynskjer å hjelpe dei. Barn som har vore i miljø der tilliten meir eller mindre er blitt broten, treng i større grad enn andre, mykje omsorg, støtte og merksemd før dei kan stole på nokon igjen. Desse barna har mogleg opplevd mykje negativ tilbakemelding og at dei vaksne har gitt opp. I slike tilfelle er det svært viktig at den vaksne viser barnet at ein har positive forventningar og tillit til dei (Webster-Stratton, 2018, s. 67-68).

2.4 Eit godt psykososialt miljø

I barnehagen må dei vaksne kontinuerleg prøve å finne kvart enkelt barn sin styrkje, slik at dei kan bygge vidare på dette. Det vil vere viktig å arbeide med det sosiale samspelet for å kunne oppnå utvikling hos barna. Dei vaksne i barnehagen bør saman lage seg nokon grunnleggande standardar og rutinar som kan vere med å bygge eit godt psykososialt miljø i barnehagen. Ein av standardane og rutinane kan vere det å gi barna ein tilknytningsperson, som kan gi trygge tilknytningsforhold i barnehagen. Den vaksne kan då vere med på å stimulere og utvikle barnet si sjølvregulering. For å få dette til må den vaksne vise barnet at dei er trygge og pålitelege, der dei kan møte barnet sine følelsar. Slike nære vaksne vil kunne hjelpe barna å setje ord på følelsane, og seinare vil barnet kunne skilje dei ulike følelsane og kunne setje ord på dei (Størksen, Evertsen-Stanghelle & Løkke, 2018, s. 77).

Størksen skriver også at barna trenger mindre grupper der barna har forutsigbarhet og gode rutiner. Noko som er med på å fremje barna si utvikling når det kjem til sjølvregulering. Dei mindre gruppene vil også gi dei vaksne ei betre tilnærming til barna, der dei kan imøtekomme barna sine behov. Også det å kunne legge til rette for opplevingar som gir barna meistringsfølelse i det sosiale samspelet med andre barn. Mindre grupper vil også gjere det enklare for den vaksne i barnehagen å følgje opp kvart enkelt individ (Størksen, m.f. 2018, s. 75-77).

2.5 Emosjonar

Etter kvart som barnet utviklar seg kan også denne hjelpa bidra til at barnet får ei større toleranse når det kjem til følelsar som er smertefulle og som kan bidra til emosjonell vekst. I temahefte om helse, miljø og trivsel (Kunnskapsdepartementet, 2015, s. 10) blir helseomgrepet psykososial helse beskriven som at det ikkje berre handlar om dei negative sidene som mobbing, sjukdom og skadar, men like mykje dei positive sidene som blant anna trivsel, meistring og sosial støtte. Når ein ser på det positive i dette helseomgrepet er det trivsel som blir omtalt som det viktigaste. Ein kan fremme barn sin trivsel og gode psykososiale helse ved i gi barna opplevingar som har struktur, forutsigbarheit og meistring. Når barna sjølv kan fortelje gjennom handlingar, åtferd og verbal kommunikasjon er dette ei god informasjonskjelde for dei vaksne. Dette seier noko om barna sin trivsel og psykososiale helse. Vi menneskjer er født med ulike måtar å reagere på. Dette blir kalla for emosjonar, affektar og følelsar. Det vil seie at vi er skapt til å kunne le, gråte, kjenne lykke, vere triste, vere sint og sjalu.

I Haugen (2015, s. 110) blir emosjonar delt inn i positive som er behagelege følelsar, og negative som er ubehagelige følelsar. Dei ulike følelsane varierer i styrkje, nokon gongar kan ein vere rasande i stor grad og andre gongar sint av mildare grad. Den emosjonelle utviklinga er grunnlaget for at barna oppnår ei positiv sosial utvikling og læring. Barna tileignar seg kompetanse og ferdigheiter som gjere dei i stand til å kunne regulere følelsane sine gjennom samspel med omsorgsperson sin, og seinare i barnehagen. Det å ha emosjonell kompetanse vil seie at barnet viser oftast positive følelsar og sjeldan dei negative følelsane.

Drugli (2018, s. 49 og 54) beskriver tre element i den emosjonelle kompetansen som er å ha kompetanse for uttrykk av følelsar, kompetanse på emosjonell kunnskap og kompetanse innan for emosjonellregulering. Desse blir sett i samanheng med barnet sin sosiale utvikling og vil også ha betydning for barnet sin relasjon til dei vaksne og andre barn. Den emosjonelle kompetansen er i dette tilfelle svært viktig for at den sosial kompetansen skal utviklast på same tid som den er med på sjølvutvikling.

2.6 Sosialt samspel

Eit godt psykososialt miljø inneber at ein må sjå på både dei vaksne og barna. Fordi det handlar om korleis ein er og har det både som individ og gruppe. Det er då viktig at desse grunnleggande faktorane som tryggleik, nærleik, trivsel, tillit, støtte, fellesskap, omsorg, medansvar, solidaritet, toleranse, respekt, likeverd og retten til å vere forskjellig er noko ein har fokus på, og kontinuerleg jobbar med i kvardagen. Det sosiale samspelet er avhengig av å ha støttande vaksne som gir barna trygge og gode relasjonar. Dette gir barna forståing og tolking der dei kan regulere eigen åtferd og følelsar. Det bidrar ikkje berre til å forstå og akseptere seg sjølv, men også andre. Dette gir barna oppleving av tilhøyrse, og styrkjer venskap og fellesskap. Dette vil igjen kunne gi barna livsglede og gjere dei betre rusta i møte med andre. Når dei vaksne set ord på følelsane over for barna kan det bidra til at barna får ei betre forståing for at det er akseptabelt

med ulike følelsar, og at ein kan spørje om hjelp i frå andre om det er noko som er vanskeleg. Ein vaksen som viser interesse og er lyttande til det barna er opptekne av, kan bidra til auka sjølvkjensle og sjølvtilitt. Dette vil også gjere til at barnet kjenner seg verdsett og unik, noko som gir ein støttande og tillitsfull relasjon som igjen er grunnlaget for god læring og meistring (Webster-Stratton, 2018, s. 64-65).

3.0 Metode

Metode er ein måte å finne informasjon om det ein skal undersøke. Det finst to ulike metodar for å innhente data. Desse kallast for kvalitativ og kvantitativ metode. For å kunne innhente data, må ein sjå nærmare på kva problemstillinga spør etter og finne den metoden som eignar seg best for oppgåva. Den kvantitative metoden er lukka, og er basert på teori eller ein deduktiv tilnærming. Ved å velje denne metoden, får ein informasjon og svar gjennom tall og grafar. Her må ein ha klare spørsmål og ein definisjon på kva som er relevant for undersøkinga. Data som bli samla inn der menneskjer får uttrykke seg gjennom ord, setningar og uttrykk, blir kalla for ein kvalitativ metode. Denne metoden blir ofte kalla for ein open metode, sidan undersøkingar legg lite føringar for informasjonen som innhentast (Jakobsen, 2012, s. 56 og 65).

3.1 Val av metode

I denne oppgåva har eg valt å bruke den kvalitative metoden, der intervju blir nytta for å innhente data som belyser problemstillinga. Dette er ein metode som eignar seg godt når ein ynskjer å høyre enkeltindivid sin kompetanse, tolking og synspunkt om temaet. Når ein brukar intervju som metode, kan ein velje om ein vil ha eit opent og/eller eit meir strukturert intervju. Det vanligaste er å ha eit intervju som er delvis strukturert, som vil sei at ein har eit tema eller punkt som ein går ut i frå gjennom intervjuet (Jacobsen, 2010, s. 89 og 90). I denne oppgåva har eg valt å nytte besøksintervju der vi møtast ansikt til ansikt, og eg som intervjuar stiller spørsmål (Ringdal, 2013, s. 198). Eg vil då få moglegheit til å gå djupare inn i arbeidet barnehagen gjere for å bygge eit godt psykososialt miljø for barna. Intervjuet er lagt opp til eit opent intervju, med noko struktur. Dette vil gjere det lettare for begge partar å halde oss innan for temaet.

3.2 Gjennomføring av intervju

Eg valte tre pedagogar som informantar. Dei jobbar i ulike barnehagar og har ulik ansiennitet. Dei har jobba i barnehage alt i frå eit til ti år. Barnehagane ligg i same kommune. Bakgrunnen for dette valet var å sjå om det var forskjell på barnehagane eller om dei hadde noko lik forståing. Informantane blei valt på bakgrunn av privat kjennskap og gjennom praksis. Tanken var å intervju personar som har kompetanse når det kjem til å jobbe med barn i kvardagen, og som har eit leiar ansvar. Dei tre informantane fekk tilsendt intervjuguiden på førehand. Dette for at dei skulle få moglegheit til kunne reflektere over spørsmåla som ville bli stilt i intervjuet. Informantane fekk også utlevert eit samtykkeskjema som eg har utarbeida. Her står det

informasjon om kven eg er, kva dette går ut på, korleis det vil bli utført, at det er frivillig og anonymt intervju.

Eg brukte lydopptak på alle intervju, noko som gjorde til at eg kunne vere meir lyttande og til stades under intervju. Dette gjorde også til at eg kunne stille oppfølgingsspørsmål og hjelpe dei inn igjen på riktig spor om dei skulle kome inn på tema som ikkje var relevant for det eg var ute etter. Lydopptaka blei transkribert etter at intervju var gjennomført.

3.3 Metodekritikk

Vi har tidligare sett på kva metodar som finst for å innhente data, kvantitativ og kvalitativ metode. Eg har valt den kvalitative metoden intervju. Dette er ein metode som krevjar noko meir tid for å kunne gjennomføre. Det er også ein metode som gir meg moglegheit til å kunne lytte til enkeltindivid sin kompetanse, tolking og synspunkt. Ved kvantitative metoden der spørjeskjema blir nytta, kunne ein ha nådd ut til fleire og fått innhenta data frå fleire informantar (Jakobsen, 2012, s. 56 og 65).

Etter tilbakemeldingane som eg fekk gjennom pilotintervjuet, valte eg å gi intervjuguiden til informantane før intervjuet. Informantane fekk då moglegheit til å reflektere over spørsmåla, slik at dei kunne møte meir førebudd. Ulempene kan vere at informatane gir meg svar som eg ynskjer å høyre og ikkje belyser det som verkeleg skjer i den praktiske kvardagen.

4.0 Resultat av empiri

Her skal vi sjå næmare på kva informasjon ein fekk ut ifrå intervju som blei gjort. Eg vil her trekkje fram det som er relevant for problemstillinga.

4.1 kva legg du i uttrykke eit godt psykososialt miljø.

For pedagog A handlar det om dei mellommenneskelege relasjonane, korleis ein har det saman, kommunisera og trivast. Det handlar og om leiinga og organisasjonskulturen. Eit godt psykososialt miljø er noko som positivt for alle og kan kanskje vere førebyggande for ei god helse.

Pedagog B seier det handlar om at barna skal føle seg trygge, både på vaksne og andre barn.

Pedagog C trur det handlar om miljøet på avdelinga, både når det kjem til barn og vaksne, og kva relasjonar barn-barn, barn-vaksen og vaksen-vaksen har seg imellom.

4.2 Kva merksemd har barnehagen når det kjem til å bygge eit godt psykososialt miljø.

Pedagog A er i tvil på kva merksemd barnehagen har kring dette, og synst det burde ha vore meir. Som pedagog er ho meir bevist og jobbar mykje etter rammeplanen der det står mykje om korleis barna skal ha det i barnehagen.

Pedagog B seier at barnehagen har fokus på at barna skal føle seg trygge og at barna har eit ynskje om å kome i barnehagen. Barnehagen har til dømes kjøpt inn hjelpemiddlar som handlar om ulike følelsar. Desse brukar dei i mindre grupper med barna, der dei samtalar og lesar bok saman. Barnehagen har også nytta plandagar og personalmøter der ein saman har laga ei felles plattform å jobbe utifrå og felles reglar, som til dømes at ein skal alltid seie godmorgen og hadet til kvarandre. Dette er spesielt med tanke på at ein skal vere gode rollemodellar for barna.

Pedagog C seier at barnehagen har fokus på å skape tryggleik blant barna, spesielt i starten av barnehageåret. Det blir også nytta personalmøter og planleggingsdagar der dei snakkar om relasjonar, tryggleik og nærleik.

4.3 Korleis får personalgruppa tilstrekkeleg kompetanse for å kunne bygge eit godt psykososialt miljø for barn?

Pedagog A fortel at ho som pedagog må gi assistentane og fagarbeidarane sine tilstrekkeleg kunnskap gjennom fagstoff og teori. Som pedagog må ho også rettleie og ha god kommunikasjon i kvardagen slik at dei andre kan ta fram og bruke kunnskap sin som dei sitt inne med. Den må dei nytte i diskusjonar saman med andre på avdelinga. Ho seier også noko om at dei kan nytte plantid, personalmøte og eventuelt avdelingsmøte til dette.

Hos pedagog B brukar dei personalmøte og planleggingsdagar. Dei har jobba godt med temaet når det har vore i fokus på møta. Pedagog B meiner at det blir eit problem når ein starta å jobbe med nytt tema på det neste personalmøte eller planleggingsdagen. Ho føle då at det dei har jobba med fell ut av fokus når dei starta på noko nytt, men at dei nyttar avdelingsmøta til å snakke om kvart enkelt barn. Ho seier og at det er viktig å kunne vere open over for kvarandre, og kunne spørje om tips og råd om korleis ein til dømes samhandlar med dette barnet. Det blir også sagt noko om at ho som pedagog bør gi konstruktive tilbakemeldingar til personalgruppa.

I barnehagen til pedagog C nyttar dei planleggingsdagar og andre møter der dei har fokus på dette. Ho meiner at det er viktig å inkludere alle i personalgruppa for å få ei felles forståing for omgrepet, og for å få ei felles plattform å jobbe utifrå. Det å dra det ned på avdelingsnivå for å jobbe med det der er også viktig for personalgruppa.

4.4 Kva gjere du som pedagogen for å utvikle personalet sin kompetanse innanfor psykososialt miljø?

Pedagog A gir medarbeidarar sine tid til å kunne lese relevant stoff, men dette kan vere utfordrande då dagane er ganske travle. Dei nyttar også personalmøter og andre møter. Som pedagog fortel ho at hennar oppgåve også er å rettleie dei andre, noko som ho beskriver som ein stor jobb, men at kommunikasjon og refleksjon er nyttig i dette arbeidet.

Pedagog B håpar ho kan vere ein rollemodell for dei andre vaksne, som skapar refleksjonar kring aktivitetar, kva som er hensikta, om det er på barn eller vaksne sine premiss? Ho gir også uttrykk for at ho kunne ha vore flinkare til å gi tilbakemeldingar i det daglige, noko ho synst er vanskeleg.

Pedagog C fortel at ho tek med seg kompetanse sin på avdelingsmøter og planleggingsdagar. Som pedagog nyttar ho også kompetansen sin på avdelings nivå. Ho meiner at det er viktig og vite kva psykososialt miljø er og kvifor ein må jobbe med dette. Som pedagog er det også viktig å vere ein god rollemodell i kvardagen. Det å kunne gi tilbakemelding på noko som er var er også viktig. Ho seier også at det kan vere naudsynt å utdjupe tilbakemeldingane, men at det ikkje alltid passar der og då.

4.5 Kva tenkjer du som pedagog er det viktigaste å jobbe med for å bygge eit godt psykososialt miljø for barn?

Pedagog A tenkjer at det er viktig at heile barnehagen er med på dette arbeidet, både eigarar og styrarar. Ho seier også at det er viktig å ha med seg heile personalgruppa, og at dette er noko ein må jobbe med systematisk og langsiktig. Ho meiner også at ei evaluering kan vere viktig undervegs. Det blei også nemnt at det er viktig å vise barna at ein er der for dei, og at ein kan rettleie dei i leik, gi omsorg, gi gode opplevingar som gir meistring.

Pedagog B tenkjer første og fremst på leik. Ho som vaksen må vere innstilt og positiv til den leiken som er. For så å kunne klare å følgje barna sine initiativ i det dei gjere. Også det å kome med innspel om ein ser at leiken held på å dabbe av. Ho meiner også at det er viktig å kunne sjå barn som ikkje er med i leiken og kanskje står mykje utanfor å ser på. Ho inviterer dei inni leiken, men det er ikkje alltid barnet vill vere med. Om dette skjer fleire gongar, tek ho i bruk observasjonar for å finne ut kva som kan vere orsaka til at barnet ikkje ynskjer å vere med i leiken.

Pedagog C tenkjer at haldningane og personalet sin kompetanse er veldig avgjerande, i den grad at ein jobbar i same retning. Ho meiner at det er viktig å vere nær barna, bli kjent med dei, observere og finne ut kva som gjere dei trygge og gode. Ein anna ting som er å gi barna meistringsfølelse, slik at dei kan utvikle sosial kompetanse og sosialt samspel.

4.6 Korleis jobbar de med å bygge eit godt psykososialt miljø blant barn på di avdeling.

På avdelinga til pedagog A jobbar dei for å skape tryggleik kring barna, og at dei som vaksne skal sjå og høyre barna kvar dag. Ho seier også noko om at dei som vaksne har fokus på korleis dei kommuniserer med kvarandre, både med barn og vaksne. Dei brukar rammeplanen når dei jobbar med ulike fagområder, noko som dei tenkjer er med på å bygge eit godt psykososialt miljø.

Hos pedagog B brukar dei ein del tid på primærgruppe, der dei har fokus på rutinar. Eit døme kan vere; no leika vi, no ryddar vi. Ho seier at barna vil etter kvart føle tryggleik kring barnehagekvardagen. Ho fortel også at dei brukar ein del raude og grøne tankar som handlar om følelsar. Ho brukar eit døme då ho skal fortelje korleis dei hjelper barna til å løyse konflikhtar, og korleis dei bekreftar og støttar dei gjennom følelsane. Ho meiner at den følelsen barnet har, er den følelsen som er riktig for det barnet der og då.

Pedagog C fortalte at dei jobbar mykje med å inkludere kvarandre, som til dømes i leik, og at den vaksne er med i leiken, som ein rollemodell for barna. I leiken setter dei ord på hendingar og følelsar som oppstår undervegs. Dei vaksne på avdelinga reflekterer saman over korleis ein kommuniserer med kvarandre. Noko dei gjere for å kunne overføre gode verdiar og haldningar til barna.

4.7 Kva legg dykk vekt på når de skal bygge eit godt psykososialt miljø?

Pedagog A seier at dei som vaksne på avdelinga legg vekt på tryggleik hos barna, der dei ynskjer å sjå og høyre dei kvar dag. Dei meiner også at det er viktig å vise korleis ein skal vere med kvarandre.

Pedagog B meiner at personalgruppa først og fremst må fungere noko lunde saman. Ho meiner at faste rammer å gå etter, kan gjere det lettare å vite kvar ein har kvarandre. Noko som også kan hjelpe dei til å sjå barna på ein betre måte. Ho nemner også at det er viktig at dei vaksne har forståing for at ein jobbar ulikt og har ulike måtar å gjere ting på. Eit døme ho brukar er når ho som pedagog går inn og jobbar med å bekrefte kjensler hos eit barn. Ein anna vaksen meiner at dette er berre "dikkidering", og at ein heller burde gå inn å sette punktum for så å gå vidare. Ei slik ulik forståing meiner ho kan skape splid blant dei vaksne på avdelinga, som igjen kan verke negativt på barna i det psykososiale miljøet. Ho nemner også at fysiske rommet har mykje å seie for kva aktivitetar ein har. Då med tanke på kva aktivitetar barna føler meistring i og kva dei finn glede av saman med andre. Ho meiner også at det er viktig at dei vaksne er tett på slik at dei kan vere med å starte ein leik og vere i leiken saman med barna.

Pedagog C seier at dei legg vekt på å vere gode rollemodellar der dei er nær barna. Ho nemner også at dei jobbar for å bygge tryggleik som kan skape gode relasjonar både mellom barna og barn-vaksne. Dei har også fokus på den sosiale kompetansen og leike kompetansen.

5.0 Drøfting

I denne delen ynskjer eg å sjå eit utval av teori opp imot resultatet frå intervjuet. Ved å sjå desse opp imot kvarandre vil eg forsøke å svare på mi problemstilling ved å sjå likskap og ulikskap mellom barnehagane. Eg har her sett spørsmåla inn i kategoriar.

5.1 Felles forståing av uttrykket eit godt psykososialt miljø

Kva legg du i uttrykket eit godt psykososialt miljø?

Pedagog B hevder at eit godt psykososialt miljø, handlar om barna sin følelse av tryggleik, både til vaksne og andre barn. Temaheftet helse, miljø og trivsel i barnehagen nemner tryggleik som eit av fleire punkt som fremmer eit god psykososialt miljø (Kunnskapsdepartementet, 2006, s. 10). Pedagog A og pedagog B nemner dei mellommenneskelege relasjonane, korleis ein har det saman med andre, både barn og vaksne. Noko som rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19) er tydelig på når den skriv om tilrettelegging av omsorgsfulle relasjonar både mellom vaksne og barn, som eit grunnlag for trivsel, glede og meistring. Svartdal sin definisjon på psykososial støtte også opp om mellommenneskelige relasjonar, som seier noko om korleis ein har det saman med andre, dei forholda som inngår i barna sine oppvekstvilkår, forhold heime, skule/barnehage, arbeidsplass og fritidsmiljø (Svartdal, 2018).

Vi kan her sjå at alle tre pedagogane definerer uttrykket noko likt, men bruker ulike omgrep. Det vert sagt at betydninga av å ha eit sosialt nettverk er svært viktig. Det å ha ein person som har positiv betydning for eit barn over tid, samt det å ha ei tilhøyrse i ei gruppe som står for samfunnets verdiar og normer, samt samfunnsstrategiar som støttar individet sine meistringsstrategiar og inkludering i skule/arbeidsliv. Dette er faktorar som kan beskytte barn og unge mot å utvikle psykiske vanskar også seinare i livet (Sosial- og Helsedirektoratet, 2007, s 19.). For å få til dette er det svært viktig at ein som vaksen bygger gode relasjonar til barna, der ein gjere seg kjend med barnet, viser interesse for barnet og interessa deira. Slik relasjonsbygging kan vere med å skape tryggleik, nærleik og tillit til både vaksne og andre barn (Webster-Stratton (2018, s. 59).

5.2 Barnehagen

Kva merksemd har barnehagen når det kjem til å bygge eit godt psykososialt miljø for barn?

I rammeplane (2017, s. 15-16) står det at barnehageeigar og styrar har det overordna ansvaret for å drifte barnehagen etter lover, forskrifter og regelverk. Styrar skal sørge for at det pedagogiske arbeidet er i tråd med rammeplanen og barnehagelova. Styrar skal også leie og følge opp arbeidsmåtar og sikre at heile personalgruppa er involverte, og for at dei skal få nytte sin kompetanse.

I samanheng med dette vil vi sei at både styrar og eigar har eit overordna ansvar for bidra til sikre eit godt psykososialt miljø for barna. Når ein ser dette opp imot informantane sin informasjon kan ein sjå at pedagog A er i tvil på kor mykje merksemd barnehagen har på dette området. Ho sjølv som pedagog har ein del fokus på dette ved hjelp av å nytte rammeplanen. Pedagog B og pedagog C hevdar at barnehagane deira har fokus på å skape tryggleik kring barna. Der pedagog B legg til at barnhagen har kjøpt inn ulike verkøy som kan vere med å bygge eit godt psykososialt miljø. Verktøya kan nyttast i ulike aktivitetar saman med barna. Det blir også nemnt at barnehagen legg opp til personalmøte og planleggingsdagar der dei lagar felles reglar og ei plattform som dei vaksne har å gå utifrå.

Når ein høyre at pedagog A er i tvil om merksemda barnehage har på dette området, kan det seie noko om avstanden eigar og styrar har til medarbeidarar sine. Det kan også seie noko om pedagogen sin arbeidserfaring og kunnskap. Dei to andre pedagogane er klare på at barnehagen jobbar med dette, og at styrar og eigar er ein del av arbeidet gjennom personalmøter og planleggingsdagar. Denne informasjonen som er gitt, kan seie noko om at styrar og eigar jobba nærmare pedagog B og pedagog C, enn med pedagog A. Det kan verke som det er litt forskjellig praksis frå barnehage til barnehage. Dette var også noko eg nemne i innleiinga. Av erfaring opplever eg lite fokus på refleksjon og evaluering av arbeidet for eit godt psykososialt miljø i barnehagen. At ein gjerne brukar til dømes rammeplanen og arbeider ut i frå den, men at det gjerne blir ein automatikk i det, utan å sjå heilskapen og betydninga av arbeidet. Eigar og styrar må vere tydeleg og sette temaet på dagsorden. Eit overordna fokus på temaet kan også bidra til at det er enklare for pedagogane, fagarbeidar og assistentane å arbeide mot same mål, med like verdiar og haldningar. Dette vil igjen kunne bidra til å sikre god kvalitet på arbeidet for eit godt psykososialt miljø.

Korleis får personalgruppa tilstrekkeleg kompetanse for å kunne bygge eit godt psykososialt miljø for barn?

Pedagog A tek på seg ansvaret med å gi medarbeidarar sine tilstrekkeleg kompetanse. Der ho hevdar at rettleiing og kommunikasjon i kvardagen er nødvendig for å få fram kunnskap. Dette er noko som rammeplanen støttar då den seier at; "Den pedagogiske leiaren skal rettleie og sørge for at barnehagelova og rammeplanen blir oppfylte gjennom det pedagogiske arbeidet (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 16).

Hos pedagog B nyttar dei personalmøter og planleggingsdagar. Ho legg også til at ein må vere opne med kvarandre, slik at det blir lettare å spørje om tips og råd. Pedagog C nemner også noko av det same, i tillegg til felles forståing og det å ha ei felles plattform i personalgruppa. Det å nytte personalmøter og planleggingsdagar for å auke kunnskap er viktig. Dette vil gi personalgruppa tid å kunne reflektere over observasjonar av barna og diskutere desse saman med dei andre. Dette vil vere med på å sette lys på opplevingar og refleksjonar over eigne verdiar, haldningar og handlingar. Når ei jobbar saman mot felles prinsipp, kan dette vere med å gi barna ein kvardag som er forutsigbar og oversiktleg gjennom tryggleiken personalet utstrålar (Utdanningsdirektoratet, 2018).

Ein auka kompetanse vil vere avgjerande for korleis vi som menneskjer er, og korleis vi evna å møte andre. Eit døme kan vere å auka relasjonskompetanse, som vil seie våre ferdigheiter, evne, kunnskap og haldningar. Ein slik kompetanse kan bidra til at kvart enkelt barn blir sett, høyrte, anerkjend og forstått, som igjen vil gi barnet ei oppleving av likeverd, trivsel og psykisk styrke som vil bidra til ei god utvikling, lærings- og arbeidsmiljø (Lysebo & Bratt, 2017, s. 5).

5.3 Pedagogen

Kva gjere du som pedagog for å utvikle personalet sin kompetanse innan for psykososialt miljø?

Når ein ser i rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 16) så står der at som pedagog har ein ansvar for å sette i gang pedagogisk arbeid. Pedagogen skal også følge opp medarbeidarar sine ved å gi dei rettleiing og passe på at rammeplanen og barnehagelova blir følgt. Pedagog A, prøvar ho å gi medarbeidarar sine relevant fagstoff som dei kan lese på, men at lesing i arbeidstida kan vere utfordrande i ein hektisk kvardag. Ho prøvar å gi dei rettleiing undervegs i tillegg til å nytte personalmøter, der ein kommunisera og reflektera saman. Pedagog C nemner noko av det same som pedagog A. Ho nyttar også avdelingsmøter i tillegg til personalmøte. Pedagog C nyttar også rettleiing ved å vere ei rollemodell og ved å gi tilbakemeldingar undervegs i kvardagen.

Pedagog B hevdar at tilbakemeldingar i kvardagen er viktig, men noko som er vanskeleg å få til. Ho ynskjer å vere ein rollemodell for sine medarbeidarar som skapar refleksjon kring aktivitetar.

Utdanningsdirektoratet (2018) skriv noko av det same. Her blir det nemnt viktigheita av å kunne reflektere og diskutere saman med andre medarbeidarar, noko som kan vere nyttig for å sette lys på opplevingar og refleksjonar over eigne verdiar, haldningar og handlingar. Dette kan igjen bidra til at personalet dannar ei felles plattform og jobbar derifrå mot felles prinsipp. Felles prinsipp kan bidra til å gi barna ein kvardag som er oversiktleg og forutsigbar som skapar tryggleik og nærleik, som igjen barnet treng for utvikling og meistring i kvardagen. Barna kan då utvikle fleire ulike sider både som individ og som del av fellesskapet.

Kva tenkjer du som pedagog er det viktigaste å jobbe med for å bygge eit godt psykososialt miljø for barna?

Pedagog A meiner at heile barnehagen må vere ein del av dette arbeidet, både personalgruppa, eigar og styrar. Ho nemner også at dette er noko som ein må jobbe systematisk og langsiktig med og at ei evaluering kan vere naudsynt. Ei evaluering vil gjere det lettare å kunne gjere endringar i kvardagen og oppretthalde god kvalitet i barnehagen (Utdanningsdirektoratet, 2018). Ein anna ting ho nemner som er viktig er å vise barna at dei vaksne er der for dei. Noko som vil bidra til at barna får tillit til den vaksne og gode relasjonar kan byggast (Webster-Stratton, 2018, s. 67). Pedagog B seier at ho tenkjer på leik som noko av det viktigaste, der dei vaksne er positive og innstilt på kva leiken er. I leik oppstår det eit sosialt samspel som skapar tryggleik, nærleik, trivsel, fellesskap, respekt og likeverd. For å få til dette har barna behov for ein vaksen som støttar dei og skapar trygge og gode relasjonar til andre. Ein vaksen kan hjelpe barna til å forstå

og tolke situasjonar slik at dei kan regulere sin eigen åtferd og følelsar. Dette kan også bidra til at dei kan forstå og akseptere seg sjølv og andre barn (Størksen, m.f. 2018, 77). Det andre ho nemner er å sjå barna som ikkje deltek i leiken, observer og finne ut kvifor.

Her kan ein sjå viktigeita med at personalet jobbar saman som ei gruppe mot felles prisnipp og mål. Ei bevisstgjerung av eigen væremåte blant dei vaksne vil kunne bidra til å styrke fellesskapet med like verdiar og haldningar. Dette kan bidra til å lage gode rutinar og rammer kring barna. Dette ser ein blir nemnt både i rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 7) og i utdanningsdirektoratet (2018).

Når personalet er trygge på kvarandre og har eit inkluderande arbeidsmiljø, gjenspeglar dette seg hos barna. Trygge, stabile, synlege og tydelege vaksne er tidlegare nemnt som eit viktig element for tryggleik, tillit og trivsel (Utdanningsdirektoratet, 2018). Det å lære kvart enkelt barn å kjenne, vil ha stor verdi i form av at ein tek hand om barna sine interesser. Det kan bidra til auka sjølvbilde, samstundes styrker enn barne sin eigenverdi. Det i seg sjølv er også med å bidrar til auka tryggleik, nærleik og tillit. Som også påverkar det å bygge gode relasjonar (Webster-Stratton, 2018, s. 59).

5.4 Vaksne – Barnehagelærarar, fagarbeidarar, assistentar

Korleis jobbar de med å bygge eit godt psykososialt miljø blant barna på di avdeling?

Hos pedagog A jobbar dei mykje med korleis ein kommuniserer til kvarandre og at dei skal sjå og høyre barna kvar dag. Tryggleik hos barna er viktig. Det å gi barna ei opplevinga av å bli høyrd og sett vil bidra til gode relasjonar som bidrar til tryggleik og nærleik. Noko som også vil vere avhengig av god tilknytning. Dette vil også vere viktige fundament for at barna skal kunne vere opne, skape ny læring og utvikling på fleire plan (Lysebo & Bratt, 2017, s. 9).

Pedagog B seier at dei jobbar mykje i primærgruppe der barne talet er mykje mindre. Dei jobbar også mykje med å bekrefte og sette ord på følelsar saman med barna. Dette støttar Størksen (m.f. 2018, s. 75-77) ved å seie noko om at barn trenger mindre grupper der dei har forutsigbarheit og gode rutinar. Noko som er med på å fremme barna sin utvikling når det kjem til sjølvregulering. Dei mindre gruppene vil også gi dei vaksne ei betre tilnærming til barna, der dei kan imøtekome barna sine behov.

Pedagog C fortalte at dei jobbar mykje med det å inkludere barna i til dømes leik og at dei vaksne skulle vere ein rollemodell. Dette kan vi også sjå igjen i Størksen (m.f., 2017, s. 77) der dei skriv at eit sosialt samspel er avhengig av ein støttande vaksne som gir barna tryggleik og gode relasjonar. Dette gir barna forståing og tolking der dei kan regulere sin åtferd og følelsar. Det bidreg ikkje berre til å forstå og akseptere seg sjølv, men også andre.

Kva legg dykk vekt på når de skal bygge eit godt psykososialt miljø?

Pedagog A seier at dei legg vekt på tryggleik hos barna og korleis ein er med kvarandre. Her ser ein at det dei legg vekt på er mykje av det same som måten dei jobbar på. Pedagog C seier også noko av det same. Dei vil legge vekt på tryggleik, skape gode relasjonar, utvikle sosial kompetanse og leike kompetanse. Dei legg også vekt på at dei som vaksne skal vere rollemodellar. Det å legge vekt på tryggleik er viktig for å utvikle gode relasjonar som igjen vil gi barna ei tilhøyrse, styrkje vennskap og fellesskap. Noko som vil gi barna livsglede og gjere dei betre rusta i møte med andre (Størksen, m.f. 2017, s. 77).

Tryggleik og tillit til både dei vaksne og andre barn kan bidra til å skape gode relasjonar. Når barna kjenner seg høyrte, sett og anerkjent kan det gi auka sjølvbilde, auka trivsel og psykisk styrke (Lysebo & Bratt, 2017, s. 5). Ein kan sjå det slik at mange av dei grunnleggande elementa heng saman med kvarandre og påverkar kvarandre. Dette vil kunne styrke utviklinga til barnet på fleire plan både som individ og som del av fellesskapet.

Pedagog B seier at dei vaksne i barnehagen må ha faste rammer å gå etter for å kunne lettare vite kvar ein har kvarandre. Ho nemner også rommet, kva aktivitetar som gir barna meistring og finn glede av. Det er viktig at personalet snakkar saman om kva verdiar ein skal jobbe utifrå, og finne haldningar som er feller og som gjev grunnlag for korleis personalet skal handle. Eit godt samarbeid i personalgruppa der ein har eit felles ansvar for miljøet i barnehagen er svært viktig (Utdanningsdirektoratet, 2018).). Ho nemner også rommet, kva aktivitetar som gir barna meistring og finn glede av. For å fine ut av dette kan det vere nødvendig å dele barna i mindre grupper der det er meir forutsigbarheit og gode rutinar. Mindre grupper gir dei vaksne ei betre tilnærming til barna, der dei kan imøtekomme deira behov. Det vil også gjere det lettare for den vaksne å legge til rette for aktivitetar som gir kvart enkelt barn meistringsfølelse i det sosiale samspelet, samt ei individuell oppfølging (Størksen, m.f. 2018, s. 75-77).

6.0 Avslutning

Problemstillinga mi var "kva kan personalet i barnehagen gjere for å bygge eit godt psykososialt miljø blant barn"

Det som er kome fram i lys av teori og empiri gir meg grunnlag for å kunne svare på problemstillinga mi. I korte trekk vil eg dra fram det eg meiner er det viktigaste eg har kome fram til for å svare på problemstillinga mi.

Eit auka fokus på temaet, gir personalet kunnskapen dei treng. Barna treng trygge, synlege, tydelege og stabile vaksne som er tilstades for barna. Dei vaksne må vere bevisste på eigen væremåte. Dei må ha fokus på å ha eit godt arbeidsmiljø, jobba saman for felles mål, prisnipp for å skape gode haldningar, og verdiar, som bidrar til gode rammer og rutinar kring barna. Dei vaksne må legge til rette for ei trygg og god tilknytning, som gir barna tryggleik, nærleik og tillit. Når dette er tilstades vil det vere eit godt grunnlag for å

skape gode relasjonar. Å vere støttande og lyttande vaksne vil bidra til ei positiv utvikling av fleire ulike sider hos barna. Å lære det enkelte barn å kjenne, finne deira sterke sider, og styrkje dei best mogleg som individ og som del av fellesskapet. Alle desse elementa vil vere med å forme korleis ein er og har det saman med andre, dei mellommenneskelege relasjonane. Eg meiner dette er viktige element som ein må ha med seg for å bygge eit godt psykososialt miljø.

Eg ønskjer å oppsummere det viktigaste eg har kome fram til gjennom teori, empiri, og drøftingsdel for å bygge eit godt psykososialt miljø. Formålet med oppgåva var å få ei auka forståing og tileigne meg kunnskap om korleis enn kan jobbe for å bygge eit godt psykososialt miljø blant barna. Gjennom eigen jobb og erfaring gjennom studiet har eg sett på betydninga av dei vaksne si rolle. Ved å sjå på teori og empiri ser enn også her at dei vaksne si rolle står sentralt og har stor positiv betydning i arbeidet for eit godt psykososialt miljø.

Eg meiner enn gjere mykje godt arbeid i barnehagane for å bygge eit godt psykososialt miljø. Det er det å vere bevisste på det enn gjere som kan vere utfordrande. Eg nemnte i innleiinga at eg sakna refleksjon og evaluering av arbeidet ein utøver i kvardagen. At mykje går på automatikk, mykje er innlærte rutinar og handlingar. I empirien får eg kjensle av at det er noko ulik praksis frå barnehage til barnehage. Nokon av informantane meiner at dei har eit godt fokus på temaet, andre meiner det ikkje står like sterkt. Informantane nemner blant anna viktigheita med å skape tryggleik, nærleik, skape tillit og gode relasjonar. Sjølv om dette er i fokus, får eg ei kjensle av at omgrepet psykososialt miljø likevel er noko uklart. Eg tenkjer derfor at ein har ein veg å gå for sikre at alle får eit større fokus på temaet. Det største ansvaret meiner eg ligg hos eigar og styrar, då dei har det overordna ansvaret. Dei bør legge til rette for ei auka forståing av omgrepet, for å sikre god kvalitet på arbeidet som vert utøvd i barnehagane. Eit overordna fokus på temaet i dei øvste organa kan gi personalet ei plattform der det er enklare å skape gode rammer for eit felles mål.

6.1 Konklusjon

Ein ser tidleg kva som betyr noko for barna si utvikling som individ, kva som skal til for god læring, det å mestre, kjenne glede, trivast, vise empati og omsorg både for seg sjølv og andre. Korleis styrkje sjølvbilde, sjølvkjensla og korleis regulere følelsar. Det handlar også mykje om det å kjenne tilhøyrslø i fellesskapet. Dette er avhengig av fremje gode venskap. Barna no til dags oppheld seg mykje i barnehagen, mange har full barnehageplass. Ein kan tenkje seg at mykje har endra seg dei siste åra, med at barnehagane no ikkje er noko oppbevaringsplass. Barnehagane har fått eit større pedagogisk ansvar, som inneber at det krev meir frå både barn og personalet. Skal ein sjå dette i eit framtidsperspektiv tenkjer eg at det er viktig og naudsynt og ha nok ressursar til å ta seg av kvart enkelt barn for å sikre ei god utvikling og førebygge til ei sunn og god psykisk helse. Å jobbe for dette tidleg i barnehagealder, kan mogleg vere med å redusere tid å og ressursar på tiltak seinare i skulen og vidaregåande. Ei auka vaksen tettleik kan bidra til å sikre ei tettare oppfølging av kvart enkelt barn, og det vil på den måten vere enklare å få med alle.

Litteraturliste

- Broborg, M., Hagström, B. & Broborg, A. (2016) *Tilknytning i barnehagen*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Drugli, M. B. (2018). Emosjonell utvikling og tilknytning. I V. Glaser, I. Størksen & M. B. Drugli (Red.), *Utvikling, lek og læring i barnehagen forskning og praksis*. (s. 49-77). Bergen: Fagbokforlaget.
- Haugen, R. (2015). *Barns utvikling i barnehagealder en utviklingspsykologisk innføring (1. utg.)*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Jacobsen, D. I. (2010). *Forståelse, beskrivelse og forklaring (2. utg.)* Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Kunnskapsdepartementet, (2017) Rammeplan for barnehagen: innhold og oppgaver. Oslo: Utdanningsdirektoratet.
- Kunnskapsdepartementet, (2015, 04.02) Helse, miljø og trivsel i barnehagen. Heta frå <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/barnehage/ovrige-tema/Veileder-Helse-miljo-og-trivsel-i-barnehagen/>.
- Lillemyr, O. F. & Søbstad, F. (2013). Samspill og relasjonsbygging i barnehagen. I A. Greve, S. Mørreaunet & N. Winger (Red.), *Ytringer om likeverd, demokrati og relasjonsbygging i barnehagen*. (s. 241-254). Bergen: Fagbokforlaget.
- Lunde, S. (2018). Omsorgsfulle relasjoner og begeistring som smitter. I I. Størksen (Red.), *Livsmestring og livsglede i barnehagen*. (s. 109-130). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Lysebo, M. O. & Bratt, E. G. (2017). Relasjonskompetansen i barnehagen. Oslo: PEDLEX.
- Ringdal, K. (2013). *Enhet og mangfold (3. utg.)*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Sosial- og Helsedirektoratet (2007, 01.03.) Psykisk helsearbeid for barn og unge. Henta frå <https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/veileder-i-psykisk-helsearbeid-for-barn-og-unge-i-kommunene>.
- Størksen, I. (2018). Sosial utvikling. I V. Glaser, I. Størksen & M. B. Drugli (Red.), *Utvikling lek og læring i barnehagen forskning og praksis*(s.79-105). Bergen: Fagbokforlaget.

Størksen, I., Evertsen-Stanghelle, C. & Løkke, I. M. (2018). Psykisk helse i barnehagen. I I. Størksen (Red.), Livsmestring og livsglede i barnehagen. (s. 59-85). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Svartdal, Frode. (2018, 13. juni). Psykososial. I Store norske leksikon. Hentet 13. desember 2018 fra <https://snl.no/psykososial>.

Utdanningsdirektoratet, (2018, 08.03.) Barns trivsel – Voksens ansvar. Henta frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/stottemateriell-til-rammeplanen/trivselsveileder/2-Personalets-arbeid-for-et-godt-psykososialt-miljo/>.

Webster-Stratton, C. (2018). *Utrolige lærere (1. utg.)*. Oslo: Gyldendal.

VEDLEGG 1: Intervjuguid:

Utdanning/relevant erfaring:

Kjønn:

Alder:

Ansiennitet:

"Kva kan personalet i barnehagen gjere for å bygge eit godt psykososialt miljø for barn?"

- Kva legg du i uttrykket "eit godt psykososialt miljø"?
- Kva merksemd har barnehagen når det kjem til å bygge eit godt psykososialt miljø for barn og kva kan vere utfordrande?
- Korleis får personalgruppa tilstrekkeleg kompetanse for å kunne bygge eit godt psykososialt miljø for barn?
- Kva gjere du som pedagog for å utvikle personalet sin kompetanse innan for psykososialt miljø?
- Kva tenkjer du som pedagog er det viktigaste å jobbe med for å bygge eit godt psykososialt miljø for barna?
- Korleis jobbar de med å bygge eit godt psykososialt miljø blant barna på di avdeling?
- Kva legg dykk vekt på når de skal bygge eit godt psykososialt miljø?

VEDLEGG 2: Samtykkeskjema



Førespurnad om deltaking til intervju

Hei. Eg heiter [redacted] og går no siste året på barnehagelærarstudiet ved Høgskulen på Vestlande. Eg har no starta å skrive bachelor om korleis ein kan bygge eit godt psykososialt miljø blant barn i barnehagen. I dette høve ynskjer eg å intervju barnehagelærarar for å belyse dette temaet.

Frivillig deltaking

Det er frivillig å delta i dette studiet og deltakar kan trekkje sitt samtykke utan å måtte opplyse om grunnlaget for dette. Ein kan stille spørsmål knytt til studiet eller deltakinga ved å ta kontakt med meg på mob: [redacted] eller e-post: [redacted]

Rettleiar

Min rettleiar er [redacted]. Ved eventuelle spørsmål kan ho kontaktast på E-post: [redacted]

Datainnsamling

I dette studie ynskjer eg å nytte intervju. Intervjua vil var mellom 20-40 minutt. Dette for å få fram barnehagelærarar sin kunnskap og erfaring. Det er eit ynskje å bruke bandopptak gjennom intervjua, for at deltakarane sine meiningar skal bli så korrekte som mogleg.

Personvern

Eit samtykke til dette studie vil ein som deltakar bli garantert anonymitet. Alle data blir behandla konfidensielt og sletta etter at oppgåva er levert den 7. januar 2019. Undervegs er det rettleiar [redacted] og eg som har tilgang til datamaterialet og vi har teieplikt.

Med vennlig helsing
[redacted]

Samtykke

Eg har lest og forstått informasjonen og gir mitt samtykke til å delta i intervjuet

Stad og dato

Signatur